

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: **onsdag 9. februar 2021**

Tid: **kl. 18.00**

Sted: **Bokn Arena, møterom Boknahåve**

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside www.bokn.kommune og på www.kontrollutvalgene.no

Saksliste:

1/22 Godkjenning av protokoll fra møtet 17.11.21

2/22 Orienteringar fra administrasjonen – område kultur

3/22 Oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskap for 2020

4/22 Tinging av forvaltningsrevisjon – prosjektmandat «Bokn Arena»

5/22 Revisor sine risiko- og vesentlegvurderingar – forenkla etterlevingskontroll 2021

6/22 Årsplan for 2022

7/22 Kontroll- og kvalitetsutvalet - årsmelding 2021

8/22 Referat- og orienteringssaker 09.02.22

Eventuelt

Aksdal, 02.02.22

Lars Øyvind Alvestad (sign.)
utvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi:	Ordførar	(møte- og talerett)
	Revisor	(møte- og talerett)
	Rådmann	(invitert/kalla inn)
	Varamedlemmer	(til orientering)
	Presse/publikum	(via nettsider)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	09.02.22	1/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 17.11.21

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 17.11.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: Protokoll frå møtet 17.11.21

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 17.11.21 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 02.02.22

Toril Hallsjø
Utvalssekretær

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **17. november 2021** ble det halde møte i Bokn kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad.

MØTESTAD:	Bokn Arena, møterom Boknahåve
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 19.40
MØTANDE MEDLEMMER:	Lars Øyvind Alvestad (Ap), Anne Løvereide Faye (Ap) og Hans Jørgen Ognøy (KrF)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Fredrik Sunde Olaussen (H)
FORFALL:	Kim Erik Larsen (H) Catharina Øvrebø (Sp) – kort varsel
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:	Forvaltningsrevisor Ståle Opedal
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Osmund Våga Kommunedirektør Ingeborg Skjølingstad Rektor Wenche Havikbotn i sak 22/21
MERKNADER TIL INNKALLING:	Det ble igjen tatt opp at innkalling ikkje var å finne på kommunen sine nettsider og på politikarportalen. Sekretær følgjer det opp.
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 21/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 08.09.21

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 08.09.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet
Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.11.21:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 08.09.21 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 22/21 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – REKTOR V/BOKN SKULE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tek gjennomgangen frå rektor Wenche Havikbotn v/Bokn skule om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.11.21:

Rektor Wenche Havikbotn orienterte om Oppfølgingsordninga, Skule-heim-samarbeidet og utfordingar knytte til å vere ein fådelt skule og viste ein presentasjon.

Skulen har no 93 elevar, delt inn i 6 grupper (1. og 2. klassetrinn no saman – denne samanslåinga er ikkje endeleg – den vurderinga skal dei ta i løpet av kort tid, men då med informasjon til foreldre først). Dei har 13 pedagogstillingar. Dei har slitt med mykje sjukefråvær og tilgang på kvalifiserte vikarar i haust. Det gjeld for heile Rogaland, og viste til oppslag i media. Det meste av fråveret har ikkje vore jobbrealt. Arbeidsmiljøet er bra, men dei har vore og er inne i ein slitsam periode med pandemi og fysisk deling under bygginga av ny skule. Sistnemnde er ei overgangsfase der alle har noko bra å sjå fram til.

Skulen var inne i sitt andre år i Oppfølgingsordninga i regi av statsforvalter. Det vert her gjeve tilbod om statleg støtte og rettleiing innan tema læringsmiljø og lesing på bakgrunn av låge skår på blant anna nasjonale prøvar. Ho var veldig nøgd med at skulen hadde fått professor Erling Roland som rettleiar. Han er ein stor kapasitet innan feltet, og hjelper til med å utvikle heile organisasjonen, ikkje berre opp mot elevane, men også dei tilsette og føresette.

Dei hadde fått avtalt felles planleggingsdag med Vindafjord i januar 2022, som er bra når det faglige miljøet er så lite. Fokus på lesing ville komme i gang snart, og då i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL). Ho viste til at dei siste resultata frå dei nasjonale prøvane viser framgang frå i fjor for elevane.

For heim-skule-samarbeidet hadde dei utarbeida nye rutinar med m.a. foreldreaktivitet og temaløyper. For FAU er det vedtatt nye vedtekter. Betre bruk av Visma-meldingar var viktig og lettar kvardagskommunikasjonen. Dersom det var misnøye var det viktig at den ble retta mot rektor og ikkje spreidd på bygda først.

Skulen vil i åra framover vere fådelt på bakgrunn av prognosar for elevtalet. Spekterundersøkinga visar at elevene knytte relasjonar mellom klassetrinna, og siste samanslåing visar at det kan skape meir ro og fungere bra faglig og sosialt. Ho kom igjen tilbake til utfordingar framover med å konkurrere på eit stramt lærarmarknad. Utvalet hadde spørsmål og kommentarar knytte til dette og kommunikasjon heim-skule.

Leiar takka rektor for ein veldig god orientering.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.11.21:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tek gjennomgangen frå rektor Wenche Havikbotn v/Bokn skule om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 23/21 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT I 2022

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om til neste møte på nyåret 2022. Utvalet har følgjande innspel til tema/problemstillingar:

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.11.21:

Nestleiar Faye viste til at temaet hadde vore drøfta i si partigruppe, og ho ville på bakgrunn av den gjere framlegg om at utvalet valte eit prosjekt om Bokn Arena. Prosjektet er med i vedtatt plan.

Bygget hadde no vore i drift i fleire år, men ho etterlyste meir innsyn, meinte det var diffuse reglar og uklår oppgåvefordeling. Kort oppsummert: «Kven styrer?»

Utvalet støtta framlegg. Ordførar var samd i at det burde ha vore eit brukarmøte snart, men at pandemien hadde sett vanskar for det. Kommunedirektør meinte også at det var viktig å finne skjeringspunktet mellom kommunen og frivillige.

Revisor lova å komme tilbake med eit prosjektmandat til neste møte.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.11.21:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om Bokn Arena til neste møte på nyåret 2022.

SAK 24/21 INVITASJON TIL FELLES FORVALTNINGSREVISJON – KARMSUND HAVN IKS OG EIGARFORHOLDET TIL KOMMUNALE HAVNER OG KAIANLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Alternativ 1

Bokn kontroll- og kvalitetsutval deltar i ein felles forvaltningsrevisjon om Karmsund Havn IKS og eigarforholdet til kommunale hamner og kaianlegg med utgangspunkt i utkast til prosjektmandat som ligg føre fra Rogaland Revisjon IKS.

Ramma for prosjektet vert sett til inntil 400 timer. Eigarkommunar som ønskjer å delta i forvaltningsrevisjonen betaler etter si prosentvise eigardel, som for Bokn blir 15 timer.

Bokn kontroll- og kvalitetsutval har følgjande innspel/tillegg

Alternativ 2

Bokn kontroll- og kvalitetsutval ønskjer ikkje delta i ein felles forvaltningsrevisjon om Karmsund Havn IKS og eigarforholdet til kommunale hamner og kaianlegg basert på prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS.

Bokn kontroll- og kvalitetsutval meiner

Handsaming i kontrollutvalet 17.11.21:

Utdalsleiar innleia. Han gjorde framlegg om alternativ 2. Vidare ønskte han ei tilbakemelding frå kommunedirektøren om hamner som KH disponerer i Bokn, tilsvarende som Haugesund hadde gjort vedtak om. Utvalet støtta hans framlegg. Utvalet blei samd at det vert sett ei frist, og den vert sett til utgangen av 2022.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.11.21:

1. *Bokn kontroll- og kvalitetsutval ønskjer ikkje delta i ein felles forvalningsrevisjon om Karmsund Havn IKS og eigarforholdet til kommunale hamner og kaianlegg basert på prosjektmandat frå Rogaland Revisjon IKS.*
2. *Bokn kontroll- og kvalitetsutval ber kommunedirektøren om å avklare eigarforhold og disposisjonsrett knytte til dei eigedommar som Karmsund Havn IKS disponerer innafor Bokn kommune sine grenser, og deretter vurdere om det er naudsynt å gjere endringar i selskapsavtalen.*

Utvalet ønskjer ei tilbakemelding innan utløpet av 2022.

SAK 25/21 MØTEPLAN FOR 2022 – KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET**Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2022:
onsdag 9. februar, 4. mai, 7. september og 23. november kl. 18.00.
Utdalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.11.21:

Utvalet slutta seg til framlegget slik det var lagd fram.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.11.21:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2022:

onsdag 9. februar, 4. mai, 7. september og 23. november kl. 18.00.

Utdalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 26/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 17.11.21

28. Statusrapport pr. november 2021
29. KST -vedtak 21.09.21, sak 37/21 – 2. tertialrapport 2021
30. FSK-sak 16.11.21, sak 101/21 – Budsjett 2022 og økonomiplan 2023-2026
31. FKT - medlemsinformasjon september 2021
32. Haugaland Brann og redning IKS – innkalling til representantskapsmøte 12.11.21
33. Innkalling til representantskapsmøte i HIM IKS 02.12.21
34. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 10.12.21
35. Invitasjon – Konferanse for kontrollutvalgene i Rogaland 02.12.21 i Sandnes
36. Invitasjon – NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2022 - 02-03.02.22 på Gardermoen

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.11.21:

Sekretær gjorde greie for status og saker. Ingen hadde høve til å delta på konferansen i Sandnes. Til NKRF sin kontrollutvalskonferanse meldte utvalsleiar Alvestad og medlem Ognøy sin interesse. Utvalet meinte det var budsjettdekning til to deltagarar utan å konferere med ordførar i forkant av påmelding.

Utvalet hadde elles ingen merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 17.11.21:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 28-36/21 til orientering.

Utvalsleiar Alvestad og medlem Ognøy vert påmeldt til NKRF-konferansen 2022.

EVENTUELTT

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til onsdag **9. februar** 2022.

Saker: Orientering om kommunen sitt kulturarbeid, prosjektmandat for forvaltningsrevisjonsprosjekt om Bokn Arena og årsmelding for 2021.

Bokn, 17. november 2021

Lars Øyvind Alvestad
Utvalsleiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utvæl	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	09.02.22	2/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø		216

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – OMRÅDE KULTUR

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tek gjennomgangen fra kultursjef Havikborn og biblioteksjef Mikkelsen om område kultur til orientering.

Saksorientering

Utvælet vedtok i møtet 17.02.21, sak 2/21 følgjande:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar fra administrasjonen eller kommunale selskap:

<i>møtet 26.05.21</i>	<i>Rektor v/Bokn skule (utsett)</i>
<i>møtet 08.09.21</i>	<i>Teknisk sjef</i>
<i>møtet 17.11.21</i>	<i>Rektor v/Bokn skule</i>
<i>1. møte 2022</i>	<i>Område kultur</i>
<i>2. møte 2022</i>	<i>Bokn Tomteselskap AS</i>

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål. Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge dersom den inviterte ikke har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Planen/invitasjonen blei oversendt rådmannen 19.02.21. Sekretariatet har på nyåret hatt kontakt med kommunedirektøren og ho har sendt e-post 28.02.22 om at kultursjef Jardar Havikbotn og biblioteksjef Thea Mikkelsen stiller på februarmøtet.

Orienteringene er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har.

Det er fastsett tidsramme med 30-40 minutt inklusiv spørsmål, men det er mogleg for utvælet å utvide denne, dersom det er ønskeleg.

Sekretariatet har tidlegare kommet med framlegg om følgjande tema for orienteringane (kun rettleiande):

Tenesteområda og tenestetilbod

- Korleis tenesteområdet er organisert
- Kva tenester som ligg til tenesteområdet

Dei tilsette

- Fordeling på dei ulike tenestene
- Rekruttering av medarbeidrarar
- Eventuelle utfordringar når det gjeld rekruttering

Budsjett og rekneskap

- Rammer
- Resultat

Tankar om framtida

- Utfordringar
- Planar

Det er greit, dersom nokon av utvalsmedlemmene skulle ha innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål, om dei varslar om det via sekretariatet i forkant av orienteringa.

Aksdal, 02.02.22

Toril Hallsjø (sign.)

Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utvale	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	09.02.22	3/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	212	

OPPFØLGING AV REVISOR SINE MERKNADER TIL ÅRREKNESKAP FOR 2020

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunedirektøren sin tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2020 i nummerert brev nr 10 til orientering.

- Vedlegg:**
1. Kommunedirektøren sin tilbakemelding – svar til utvalet, dagsett 20.01.22
 2. Deloitte si revisjonsrapport, dagsett 11.05.21, brev nr 10

Bakgrunn

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 3 skal kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader i revisjonsmelding og i årsoppgjersbrev blir følgt opp:

«Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekninger etter kommunelovens § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekningene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.»

Grunnlaget for handsaminga av Bokn kommune sitt årsrekneskap for 2020 var rekneskapen m/notar, rådmannen sin årsrapport og revisor si revisjonsmelding og revisjonsrapport, nummerert brev nr 10.

Årsrekneskapen for 2020 viste eit positivt netto driftsresultat med 0,9 mill. kr, som er 0,8 % av driftsinntektene. Frå kontrollutvalet sin uttale blei mellom anna følgjande tatt inn og vedtatt:

«Bokn kommune har i 2020 eit netto driftsresultat med 0,9 mill. kr, som utgjer 0,8 % av driftsinntektene. Det er eit langt därlegare resultat enn i fjor, som var på 6,8 %, og resultatet er under teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%, men skyldast bruk av disposisjonsfond til å dekkje eit tidlegare vedtak.

.....
Kontroll- og kvalitetsutvalet merker seg at revisor har peika på manglende oppfølging av budsjett, spesielt for lønnsområdet og innanfor investeringsrekneskapen og

merknader til avslutning av rekneskapen og vil be om ei tilbakemelding om dette frå rådmannen.»

Revisor hadde levert ei såkalla rein melding, dvs. utan etterhald eller presiseringar, men i revisjonsrapporten hadde revisor komme med innspel til korleis rekneskapen burde vere for å vere meir i samsvar med kommunelova.

Eit årsoppgjersbrev/rapport frå revisor viser forhold som revisor meiner er av ein så vesentleg karakter at det treng oppfølging frå leiinga.

Revisor sin rapport av 11.05.21 følgjer som vedlegg 2. Revisor meinte at det generelt var framlagt tilfredsstillande dokumentasjon på balanseposter, men på enkeltområde var det fortsatt forbetringspotensiale vedk. kvalitet på dokumentasjonen. Det gjaldt mellom anna følgjande forhold :

- *svakheiter knytt til internkontroll og tilfredstillende arbeidsdeling,*
- *manglende oppfølging av budsjett på lønnsområde,*
- *betydelig avvik mellom rekneskap og budsjett i investeringsrekneskapen*
- *ikkje vedtatt investeringsbudsjett i den ordinære budsjettbehandlinga*

Rapport, saman med meldinga, dannar grunnlaget for den oppfølging utvalet skal gjere etter forskrifta § 3. Sekretariatet meinte at det var viktig at utvalet bad om tilbakemelding frå administrasjonen på det revisjonen hadde tatt opp i rapporten. Sekretariatet gjorde framlegg om det, og kontrollutvalet vedtok samrøystes i sak 10/21 i møtet 26.05.21 følgjande:

Kontroll- og kvalitetsutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet på korleis merknadene frå revisor er følgt opp innan 01.11.21.

Kontroll- og kvalitetsutvalet vil be rådmannen merke seg kommunelova sine fristar, og når det gjeld rekneskap og årsmelding for 2021 at dei då vert haldne.

Tilbakemelding

Sekretariatet har mottatt kommunedirektøren si tilbakemelding 20.01.22, og den følgjer saka som vedlegg 1. Ho svarar følgjande:

«Revisor nemner at dokumentasjonen på balansepostane er tilfredsstillande men at det på enkeltområder er rom for betring. Dette har økonomiavdelinga notert seg og vil i neste årsoppgjør gje betringar.

Revisor peikar på at det ikkje er tilfredsstillande arbeidsdeling og avstemming, samt manglende oppfølging ihht budsjett. Arbeidsdeling i forbindelse med f.eks ferieavvikling er vurdert og kvalitetssikra. Alle utbetalingar er godkjent av minst 2 personar før den kjem til økonomi.

I ferieavviklinga kor den tilsette på rekneskap/lønn har ferie overtar leiari, då utan attestasjon og/eller tilvisingsløyve (skal ikkje utbetale bilag som ein sjølv har godkjent). Alle bilag/rapportar vert i ettertid kontrollert av rekneskapsansvarleg. Ytterlegare internkontroll er det ikkje mogeleg å gjennomføra utan fleire tilsette.

Når det gjeld avstemming som ikkje var tilfredstillande er årsaka til dette i hovudsak eit stort sjukefråvær på nær 50% blant tilsette som arbeidet med lønn. Nye rutinar for avstemming er nå utarbeidd. Oppfølging av lønn ihht budsjett har vi saman med ny revisjon også laga ny rutine for.

Avstemming av aktuarberekinga hadde et ikkje vesentleg avvik, men i forbindelse med nye rutinar for avstemming vil også dette bli ivaretatt.

Avvik i investeringsregnskapet mot budsjett er vanskeleg å unngå. Kommunen vedtok i 2019 et investeringsbudsjett på ca. 60 mill. (skule/vassleidning). Då budsjetter for 2020 vart lagt hausten 2019 skulle vi eigentleg lagt inn desse investeringane på nytt i budsjettet for 2020 med et anslag på kva som var igjen av budsjettet frå 2019. Det vart ikkje gjort men restmidlane + nye vedtak vart lagt inn som ein budsjettjustering i løpet av året. Det same ble gjort ved budsjett for 2021 og årsavslutninga for 2020, det låg 64 mill. i budsjettet for 2020 men ved årsavslutninga var det brukt ca. 30 mill.

Budsjettjusteringar skal gjennomførast før 31.12 i budsjettåret. men det er vanskeleg å anslå kor mye som evt. kan overførast til neste års budsjett når mange av fakturaene kjem i slutten av året slik at vi ikkje har oversikt over dette før i slutten av januar påfølgande år, når fakturaene er registrert og betalt i økonomisystemet.»

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav b og forskrift for kontroll og revisjon § 3, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar blir retta eller følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbeteringar. Dersom påpeikingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportere det til kommunestyret.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er kommunedirektøren sitt ansvar.

Sekretariatet viser til at kommunedirektøren i denne saka har kome med si tilbakemelding. Ho forklarar grunn til merknadene og meiner forbetingstiltak er sett i verk når det gjeld avstemming og nye rutinar for oppfølging av lønn.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterer om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Etter § 24-7 siste ledd skal revisor årleg gje ein skriftleg oppsummering til kontrollutvalet om skriftlege påpeikingar som er tatt opp, men som ikkje er retta opp eller som ikkje er tilstrekkeleg følgt opp. Om revisor er nøgd eller ikkje vil altså også det eventuelt komme i merknader til rekneskapen for 2021.

Aksdal, 01.02.21

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær



Bokn kontroll og kvalitetsutval

Dato: 20.01.2022

Dokumentnummer: 21/218-10

Deres referanse:

Saksbehandler: Ingeborg Skjølingstad

Svar til Bokn kontroll- og kvalitetsutval - årsrekneskapen 2020

Revisor nemner at dokumentasjonen på balanse postane er tilfredstilende men at det på enkeltområder er rom for betring. Dette har økonomiavdelinga notert seg og vil i neste årsoppgjer gjera betringar.

Revisor peikar på at det ikkje er tilfredsstillande arbeidsdeling og avstemming, samt manglande oppfølging ihht budsjett. Arbeidsdeling i forbindelse med f.eks ferieavvikling er vurdert og kvalitetssikra. Alle utbetalingar er godkjent av minst 2 personar før den kjem til økonomi. I ferieavviklinga kor den tilsette på rekneskap/lønn har ferie overtar leiari, då utan attestasjon og/eller tilvisingsløyve (skal ikkje utbetale bilag som ein sjølv har godkjent). Alle bilag/rapportar vert i ettertid kontrollert av rekneskapsansvarleg. Ytterlegare internkontroll er det ikkje mogeleg å gjennomføra utan fleire tilsette. Når det gjeld avstemming som ikkje var tilfredstilande er årsaka til dette i hovudsak eit stort sjukefråvær på nær 50% blant tilsette som arbeidet med lønn. Nye rutinar for avstemming er nå utarbeidt. Oppfølging av lønn ihht budsjett har vi samen med ny revisjon også laga ny rutine for.

Avstemming av aktuarberegninga hadde et ikkje vesentleg avvik, men i forbindelse med nye rutinar for avstemming vil også dette bli ivaretatt.

Avvik i investeringsregnskapet mot budsjett er vanskeleg å unngå. Kommunen vedtok i 2019 et investeringsbudsjett på ca 60 mill (skule/vassledning). Då budsjetter for 2020 vart lagt hausten 2019 skulle vi eigentleg lagt inn desse investeringane på nytt i budsjettet for 2020 med et anslag på kva som var igjen av budsjettet frå 2019. Det vart ikkje gjort men restmidlane + nye vedtak vart lagt inn som ein budsjettjustering i løpet av året. Det same ble gjort ved budsjett for 2021 og årsavslutninga for 2020, det låg 64 mill i budsjettet for 2020 men ved årsavslutninga var det brukt ca 30 mill. Budsjettjusteringar skal gjennomførast før 31.12 i budsjettåret men det er vanskeleg å anslå kor mye som evt kan overførast til neste års budsjett når mange av fakturaene kjem i slutten av året slik at vi ikkje har oversikt over dette før i slutten av januar påfølgende år, når fakturaene er registrert og betalt i økonomisystemet.

Med hilsen

Ingeborg Skjølingstad
Kommunedirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Bokn kommune
5561 BOKN

Haugesund, 11.mai 2021

Att: Kontrollutvalget
Kopi: Rådmann

Revisjonsrapport nr 10 (journalføres)

REVISJONSRAPPORT FOR ÅRSREGNSKAPET 2020

Vi er nå i ferd med å avslutte revisjonen av årsregnskapet for Bokn Kommune for 2020. Vi vil i denne forbindelse knytte noen kommentarer til vårt arbeid og det fremlagte årsregnskap. Revisjonsrapportens formål er å gi en oppsummering av vesentlige forhold som vi er blitt kjent med i løpet av revisjonen.

I vår revisjon har vi gjennomført de revisjonshandlinger vi har ansett nødvendig for å få bekreftet at årsregnskapet ikke inneholder vesentlige feil eller mangler.

Etter vår mening har samarbeidet med kommunens ledelse og øvrig personale vært godt. Vi har fått den assistanse og de opplysninger vi har bedt om.

Kommunens ledelse er ansvarlig for å etablere og opprettholde en tilfredsstillende intern kontroll, herunder sørge for at regnskapsføringen er i samsvar med lov og forskrifter og at formuesforvaltningen er ordnet på betryggende måte.

Vi gjør oppmerksom på at vår gjennomgang av den interne kontroll er begrenset til den gjennomgang vi er pliktige til å utføre iht. god revisionsskikk.

Vi konstaterer at det spesielt i forbindelse med ferieavvikling, er vanskelig å få til en tilfredsstillende arbeidsdeling i en liten kommune med få ansatte i økonomiavdelingen. Vi anbefaler at risikoen knyttet til manglende arbeidsdeling gjennomgås, og at det etableres kompenserende kontroller for å redusere risikoen for misligheter og feil.

Revisjonen gjennom året

Ved interimrevisjonen har vi på noen utvalgte regnskapsområder kartlagt og testet om vesentlige interne kontroller har fungert i heile regnskapsperioden. I tillegg har vi benyttet analyser og kontrolltester som grunnlag for å vurdere kvaliteten på regnskapet. Videre har vi utført kontroll av vesentlige inntekts- og kostnadsposter i regnskapet.

Vi har ikke avdekket forhold som var av en slik karakter eller størrelse at de fører til usikkerhet knyttet til det framlagde årsregnskapet utover forhold som er kommentert under.

Revisjonen av årsoppgjøret

Ved vår revisjon av årsoppgjøret har vi lagt vekt på kontroll av fullstendighet av inntekter og gjeld, og gyldighet av eiendeler og kostnader.

Bokføringsloven og dokumentasjon av regnskapet

Bokføringsloven (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskriften (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) ble fra 1. januar 2011 gjeldende for kommuner og fylkeskommuner, samt kommunale og fylkeskommunale selskap. Det betyr at disse må følge alle reglene i bokføringsloven § 2 til § 14. Videre må bokføringsforskriften kapittel 2 til 7 følges.

Bokføringslova med forskrifter inneholder enkelte nye krav samt viderefører en rekke krav fra tidligere lover og forskrifter. På flere områder betyr loven en innstramming jamført med tidligere praksis. Bokføringsloven § 4 gir 10 grunnleggende bokføringsprinsipp som skal følges.

Ved utarbeiding av årsregnskap skal det etter bokføringsloven § 11 være dokumentasjon av alle balanseposter i regnskapet uten de som er ubetydelige.

Generelt er det framlagt tilfredsstillende dokumentasjon på balanseposter, men på enkeltområder er det fortsatt forbedringspotensial vedrørende kvalitet på dokumentasjonen.

Lønnsområdet

Ved gjennomgang av lønnsområde er det av dekket svakheter knyttet til internkontrollen i det det ikke er etablert tilfredsstillende arbeidsdeling og mangelfulle avstemmingsrutiner. Det er også avdekket manglende oppfølging av budsjett på lønnsområdet. God oppfølging av regnskap mot budsjett vil kunne fungere som en kompenserende kontroll for manglende arbeidsdeling. Mangelfull budsjettering bidrar til økt risiko for at feil ikke blir avdekket.

Det har videre ikke vært mulig å foreta en fullstendig avstemming mellom aktuarberegning og utgiftsførte pensjonskostnader. Estimert avvik anses ikke å være vesentlig

Minimumsavdrag

Som følge av opprydding i anleggsregister er det i 2020 bokført vesentlig høyere avskrivinger enn i et normalår. Dersom årets avskrivinger legges til grunn for beregning av minimumsavdrag, er betalte avdrag under minimumsavdrag i henhold til kommuneloven. Da dette er en engangseffekt aksepteres at normalnivå for avskrivinger legges til grunn for beregning av minimumsavdrag. Anleggsregisteret er nå i samsvar med regnskapet.

Investeringsregnskap

Det er betydelig avvik mellom regnskap og budsjett i investeringsregnskapet. Det ble heller ikke vedtatt investeringsbudsjett i den ordinære budsjettbehandlingen i tråd med kommuneloven § 14-3. Regelverket pålegger realistisk budsjettering og oppfølging av budsjettavvik i løpende budsjettkontroller.

Revisjonen anbefaler at det vedtas mest mulig realistiske budsjett også for planlagte investeringer, og at nødvendige endringer i investeringsbudsjettet vedtas løpende.

Avslutning av regnskapet

Det ble ikke bokført avregning mot selvkostfond for 2019, dette korrigert i 2020. Bruk av disposisjonsfond er dermed omlag kr 1,3 mill høyere i 2020 enn det ellers ville vært. Det er videre foretatt en overføring fra drift til investering som vi ikke har fått bekreftet er politisk besluttet.

Dersom noe skulle være uklart i framstillingen ovenfor, eller at det er behov for hjelp i forbindelse med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til tjeneste.

Med vennlig hilsen
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	09.02.22	4/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø		216

TINGING AV FORVALTNINGSREVISJON - PROSJEKTMANDAT – «BOKN ARENA»

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Bokn kontrollutval tinger forvaltningsrevisjonsprosjektet «Bokn Arena» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre fra Rogaland Revisjon IKS.

Ramma vert sett til 120 timer.

Utalet har ønskje om at rapporten blir klår før september 2022.

Vedlegg: Prosjektmandat - «Bokn Arena – Bokn kommune» - februar 2022

Saksorientering

I møtet 17.11.21, sak 23/21 bad Bokn kontroll- og kvalitettsutval Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat om Bokn Arena til neste møtet på nyåret. Utkast til mandat blei oversendt til sekretariatet 31.01.22.

Bakgrunn

Temaet er sett opp blant dei prioriterte tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024, som vart vedteken i kommunestyret 02.11.20, sak 114/20. Planen byggjer på risiko- og vesentlegs-vurderingar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020. På bakgrunn av at kommunestyret hadde flytta teamet inn på den prioriterte lista, valde utvalet dette som sitt neste prosjekt.

Føremål og problemstillingar

Revisor foreslår i det vedlagte utkast til prosjektmandat at føremålet med prosjektet er å undersøkja kva kommunen kan gjere for å sikra openheit, og ein tydeleggjering av ansvars- og oppgåvefordeling, blant brukarane av Bokn Arena.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

- ***Kva tiltak bør settast i verk for å tydeleggjere ansvars- og oppgåvefordelinga?***
- ***Korleis har inntekter og utgifter til fleirbrukshallen utvikla seg?***

- ***Korleis kan kommunen sikra openheit om økonomien og bruken av fleirbruksallen?***
- ***Korleis er bruken organisert, og korleis påverkar dette kommunen sin rett til momskompensasjon/ frådrag inngåande moms?***

I forvaltningsprosjektet vil revisjonen sjå nærmare på drifta av hallen og samarbeidet og ansvarsfordelinga mellom kommunen, frivillige organisasjoner og Bokn Arena Event. Dette gjeld mellom anna ansvaret for å halda tilsyn med hallen når den open for ulike typar aktivitetar som idrett, konserter etc., og når han er stengd. Dei vil òg sjå nærmare på korleis kommunen kan sikra meir openheit og kommunikasjon mellom partar som nyttar fleirbruksallen, og korleis organiseringa av bruken påverkar kommunen sin rett til momskompensasjon/ frådrag inngående moms.

Sjå nærmare om prosjektmandatet, som lagd ved saka.

Revisjonskriterier

Revisjonskriteria er element som inneholder krav eller forventningar, og vil bli brukt til å vurdere funn frå undersøkingane som blir gjennomført. Knytte dei ulike krava og omgrep er omtalt i planen.

Dei metoder som vil bli nytta vil vere dokumentanalyse og intervju, I dette prosjektet er det tenkt følgjande kjelder:

- Skriftleg materiale (dokument som skildrar mål, strategiar og tiltak)
- Oversiktar over kven som nyttar hallen
- Rekneskapstal som viser korleis drifta av hallen har utvikla seg
- Intervju (sentrale nøkkelpersonar i kommunen)

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på **120** timer. Det inkluderar utarbeiding av prosjektmandat, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse og utarbeiding og kvalitetsikring av rapport. Det ligg innafor det som kommunestyret har sett opp i budsjettet for 2022 til forvaltningsrevisjon.

Timeplan

Oppstart vil vere i vår og rapport vil vere klår for oversending til hausten. Utvalet har fyrste møte i haust 7. september og det andre den 23. november, så sekretariette meiner det hadde vore best om rapporten kunne bli levert tidleg i haust, slik at den sendast til kommunestyret i oktober, heller enn desember.

Kontroll- og kvalitetsvalet må før endeleg tinging ta stilling til om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det utvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

Aksdal, 31.01.22

Toril Hallsjø (sign.)
Daglig leiar/utvalssekretær

PROSJEKTMANDAT

Bokn Arena

Bokn kommune, 2022

Bakgrunn

I møte 17.11.2021 ba kontrollutvalet i Bokn Rogaland Revisjon leggje fram eit utkast til prosjektmandat for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om Bokn Arena (sak 23/21).

Bokn Arena er ein fem år gammal fleirbruksarena i Føresvik, Bokn. Hallen inneholder ein fullskala handballbane, forutan to møterom, storkjøkken, squashhall og ein scene med lydanlegg.

I vedtekten til Bokn Arena heiter det at «Bokn Arena skal nyttast til kroppsøving, idrett og anna kulturell verksemd (musikk, konserter, diverse tilstellingar, utstillingar o.l.)»

Hallen blir driven i eit samarbeid mellom kommunen, frivillige organisasjonar og Bokn Arena Event. Sist nemnde er arrangør av treff, konserter, julebord og andre tilstellingar i hallen, og står registrert både som stifting og frivillig organisasjon.

For kommunen er det viktig at hallen er mest mogleg open og at den blir nytta. I kommunen sin *Plan for samordning frivillig/offentleg sektor 2021-24*¹ heiter det at for å styrke tilbodet til barn og unge er eit tiltak å «sikra optimal utnytting av brukstida i Bokn Arena».

I kommunen sin *Plan for idrett og fysisk aktivitet 2022-25*² blir det framheva at kommunen i planperioden vil «vurdere dagens kommunale tilskotsordningar og samarbeidsavtalar, og vurdere behovet for nye ordningar som kan vere med på å betre drifta for organisasjonar, og bidra til eit tydelegare skilje mellom kommunen og organisasjonar/lag sine oppgåver og ansvar».

For å få ein betre oversikt over bruken og reservering av treningstimer og anna i hallen, ynskjer kommunen frå årsskiftet 2021/22 å innføra eit system for reservering. Dette er ein oppgåve som frå årsskiftet vil liggja hos kommunen.

I tilknyting til fleirbruksarenaen er det utarbeidd vedtekter. I kommunestyret 14.12.2021 ble det bestilt en revisjon av desse. Første steg vil vere å samla eit brukarmøte kor idrettslag og andre som nyttar arenaen kan få sagt si meining. På bakgrunn av innspel frå desse og ein

¹ Vedtatt av Bokn kommunestyre 26.10.2021

² Vedtatt av Bokn kommunestyre 14.12.2021

høyringsrunde vil kommunen sjå på kva som eventuelt skal endrast i vedtekten, før saka blir teken opp til politisk behandling.

I vedtekten (punkt 6) vert det slått fast at «lokale lag og foreiningar ikkje skal betala leige for bruk av hallen. Utanbygdes lag og foreiningar skal betala leige i samsvar med utleigesatsane». Vedtekten gir få føringar for samarbeidet mellom kommunen, frivillige organisasjonar og Bokn Arena Event.

I dette forvaltningsprosjektet vil vi sjå nærmare på drifta av hallen og samarbeidet og ansvarsfordelinga mellom kommunen, frivillige organisasjonar og Bokn Arena Event. Dette gjeld mellom anna ansvaret for å halda tilsyn med hallen når den open for ulike typar aktivitetar som idrett, konserter etc., og når han er stengd. Vi vil òg sjå nærmare på korleis kommunen kan sikra meir openheit og kommunikasjon mellom partar som nyttar fleir brukshallen, og korleis organiseringa av bruken påverkar kommunen sin rett til momskompensasjon/ frådrag inngåande moms.

Bestilling:

Kontrollutvalet i Bokn kommune ba i møte 17.11.2021 om eit utkast til mandat for forvaltningsrevisjon, med temaet «Bokn Arena».

Problemstillingar:

- Kva tiltak bør settast i verk for å tydeleggjere ansvars- og oppgåvefordelinga?
- Korleis har inntekter og utgifter til fleir brukshallen utvikla seg?
- Korleis kan kommunen sikra openheit om økonomien og bruken av fleir brukshallen?
- Korleis er bruken organisert, og korleis påverkar dette kommunen sin rett til momskompensasjon/ frådrag inngåande moms?

Føremål med prosjektet:

Føremålet med prosjektet er å undersøkja kva kommunen kan gjere for å sikra openheit, og ein tydeleggjering av ansvars- og oppgåvefordeling, blant brukarane av Bokn Arena.

Dersom datamaterialet skulle tilseie det, kan revisor gjere mindre endringar av problemstillingane undervegs. Større endringar i problemstillingane må avklarast med kontrollutvalet.

REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier er element som inneheld krav eller forventningar, og vil bli brukt til å



Vurdere funn frå undersøkingane som blir gjennomført. Kriteria vert utleia av autoritative kjelder innanfor det reviderte området. Dette er til dømes føringar i kommunale styringsdokument og gjeldande vedtekter. Endelege revisjonskriterier vil bli utleia undervegs i prosjektet.

Avgrensning og metode

Datainnsamlinga vil basera seg på ulike datakjelder:

- Skriftleg materiale: Dokument som skildrar mål, strategiar og tiltak
- Oversiktar over kven som nytta hallen
- Rekneskapstal som viser korleis drifta av hallen har utvikla seg
- Intervju: Sentrale nøkkelpersonar i kommunen vil bli intervjuet.

I prosjektet vil vi gjere ein såkalla metodetriangulering av data. Dette inneber at dei ulike problemstillingane vil bli undersøkt gjennom bruk av ulike datakjelder. Trianguleringa skal bidra til å utvide og forsterke datagrunnlaget i analysen, samtidig som ulike innsamlingsmetodar gir ulike perspektiv på analysegrunnlaget. Opplysningar frå dokument- og nøkkeltals-analysar blir testa ut i intervju.

OMFANG

Tid til prosjektplanlegging, kartlegging, analyser og rapportering er regnet til omlag 120 timer. Det blir lagt opp til et tett samarbeid med representantar frå kommunen.



SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	09.02.22	5/22

Saksansvarlig:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REVISOR SI RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING – FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2021

Sekretariatets forslag til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar revisor sine risiko- og vesentlegvurderingar for revisjonsåret 2021 til orientering.

Bakgrunn

Fra oppdragsansvarlig revisor har sekretariatet den 14.01.22 fått følgende e-post:

«Det følger av KL § 24-9 at risiko og vesentlighetsvurdering for FEK (forenklet etterlevelseskонтроль) skal legges fram for KU.

Normalt gjør vi dette i forbindelse med presentasjon av revisjonsstrategien på det første møtet i KU etter sommerferien. Dette er gjort i alle kommuner sør for Boknafjorden.

I kommunene på Haugalandet har vi kun presentert regelverket, men ikke risiko og vesentlighetsvurderingen da denne ikke var klar da regnskapsrevisjonen ble lagt fram.

Fra og med neste år (2022) vil vi også her presentere risiko og vesentlighetsvurdering FEK samtidig med presentasjon av revisjonsstrategien slik at det blir like rutiner for alle kommuner

Kan dere derfor sette opp dette som sak på det neste møtet i KU. Presentasjonen tar maks 5-10 minutt.»

Etter kommuneloven § 23-2 bokstav a skal kontrollutvalget ”påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på en betryggende måte”. Tilsynet blir gjennomført ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalget om de ulike trinnene i revisjonsprosessen. Rapporteringen dekker både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet.

I følge kommuneloven § 24-2 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisor planlegge sitt arbeid, og da med årlig å utarbeide en plan for revisjon av regnskapet. Dette er et internt dokument som styrer det arbeidet revisor må gjøre for å kunne godkjenne regnskapet.

Rogaland Revisjon IKS har utarbeidet egen plan for hver kommune. Plan/strategi for Bokn kommune ble presentert for utvalget av oppdragsansvarlig regnskapsrevisor i høst under sak 18/21.

Regnskapsrevisor har i tidligere hatt som hovedoppgave å gjennomføre en finansiell revisjon. Finansiell revisjon vil – grovt sagt – si å kontrollere at kommunens årsregnskap ikke inneholder vesentlige feil. Under finansiell revisjon vil regnskapsrevisor hovedsakelig rette revisjonen mot de delene av økonomiforvaltningen som har betydning for årsregnskapet.

I forbindelse med utarbeidelsen av ny kommunelov mente Stortinget at det også var behov for en bredere kontroll. Regnskapsrevisors mandat ble derfor utvidet med en «*forenklet etterlevelseskонтroll*». Dette skal være en fast kontroll av de delene av økonomiforvaltningen som ikke nødvendigvis blir kontrollert under den finansielle revisjonen. Kontrollen skal altså være en kontroll av økonomiforvaltningen i forlengelsen av den finansielle revisjonen og skal som utgangspunkt rette seg mot de delene av økonomiforvaltningen som revisor ikke har gjennomgått ved sin finansielle revisjon.

Bestemmelsen om forenklet etterlevelseskонтroll er nedfelt i kommunelovens § 24-9:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Som det fremgår av bestemmelsen innebærer oppgaven at revisor skal se etter om kommunens økonomiforvaltning «i hovedsak» foregår i samsvar med lover og forskrifter og vedtak. For det første må dette forstås slik at kontrollen rettes mot sentrale deler av økonomiforvaltningen, det vil si hvor feil og mangler vil kunne få vesentlige økonomiske konsekvenser, eller ha stor betydning for tilliten til kommunens økonomiforvaltning. For det andre må dette forstås slik at kontrollen som utgangspunkt rettes mot etterlevelsen av grunnleggende og overordnede krav til økonomiforvaltningen.

Utvidelsen av revisors oppgave må ses på bakgrunn av begrensete økonomiske rammer, og kontrollen skal basere seg på en «*risiko- og vesentlighetsvurdering*». I dette ligger det en vurdering opp mot de sentrale områdene innenfor kommunens økonomiforvaltning, og kontrollen må rettes mot områder der risikoen for vesentlige feil og mangler er størst. Hvilke kontrollhandlinger som skal utføres og hvor langt kontrollhandlingene skal gå for å avdekke eventuell manglende etterlevelse, må bygge på risiko- og vesentlighetsvurderinger og det som ellers vil følge av god kommunal revisjonsskikk.

Verken loven eller revisjonsforskriften regulerer nærmere i detalj hvordan revisor skal utføre sitt arbeid under kontrollen. Det vil derfor være opp til god kommunal revisjonsskikk å definere de nærmere avgrensningene av innholdet i revisors plikter. Det samme gjelder avklaringer av hvor grensen mellom etterlevelserevisjon og forvaltningsrevisjon skal gå.

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og Den norske Revisorforening (DnR) har i denne sammenheng utarbeidet forslag til en standard «God kommunal revisjonsskikk RSK 101 for forenklet etterlevelseskонтroll med økonomiforvaltningen». Det er anbefalt fra revisjonskomiteen i NKRF at regnskapsrevisor bruker standarden.

Begrepet «*vesentlig betydning for økonomiforvaltningen*» er omtalt i forslaget til standard RSK 101. I standarden er vesentlighet definert ut fra to betrakninger:

- Kvantitativ vesentlighet; beløpsstørrelse relatert til kommunen eller enkeltinnbyggere eller en gruppe innbyggere
- Kvalitativ vesentlighet; manglende etterlevelse av bestemmelser og vedtak som ikke nødvendigvis har vesentlig beløpsmessig betydning. Slike mangler kan likevel ha vesentlig betydning for økonomiforvaltningen på grunn av f.eks. potensielt omdømmetap og samfunnsmessig aktualitet.

Et eksempel på kvantitativ vesentlighet kan være beregning av selvkost. Feil i beregningene vil neppe være vesentlig for regnskapet, men for abonnentene kan det være vesentlig. Kvalitativ vesentlighet med potensielt omdømmetap og samfunnsmessig aktualitet kan være ved manglende etterlevelse av offentlige anskaffelser.

Hvis kommunen ikke følger kravene til konkurranse og kjøper tjenester til en høyere sum enn de kunne fått med anbud blir det ikke feil i regnskapet, men hvis dette blir kjent, vil det sannsynligvis bli et omdømmetap, tap av tillit fra andre leverandører og kommer dette i media, vil det også få samfunnsmessig aktualitet. Samfunnsmessig aktualitet kan også være områder kommunestyret er spesielt opptatt av, og det kan være manglende etterlevelse av vedtak på det området.

Revisor legger fram sine risiko- og vesentlighetsvurderinger for kontrollutvalget i forkant av gjennomføringen av kontrollen.

Konklusjon

Dersom det ikke kommer fram noe spesielt i møtet, anbefales det at kontrollutvalget tar informasjonen fra Rogaland Revisjon til orientering.

Aksdal, 03.02.22

Toril Hallsjø
Utvalgssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	09.02.22	5/22
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø		033

ÅRSPLAN FOR 2022

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsplan for 2022 (evt. endringar/tillegg).

Vedlegg: Årsplan for 2022

Saksorientering:

Saksorientering

Sekretariatet har tidlegare år ikkje utarbeida ein årsplan for utvalet. Årsplanen er ikkje ein lovpålagt plan, men er tenkt som eit styringsverktøy for utvalet. Årsplanen er ein overordna plan som dekker faste og førebels kjente aktivitetar til kontrollutvalet i året som kjem.

Den gjer ei kort oversyn over sakshandsaminga i utvalet og kva oppgåver som kontrollutvalet kjenner til at det vil bli arbeida med i året som kommer. Dersom det blir naudsynt å flytte på saker på grunn av revisor si kapasitet eller at kontrollutvalet ser trong tilr å gripe fatt i andre saker som oppstår undervegs i året vil kontrollutvalet kunne gjere det. Denne type endringar er delegert kontrollutvalet frå kommunestyret når det gjeld forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Eventuelle endringar/tillegg i planen som måtte komme i forbindelse med kontroll- og kvalitetsutvalet si handsamig vil bli innarbeida i etterkant.

Om vedtatt årsplan skal leggjast fram for kommunestyret til orientering, får utvalet evt. ta stilling til. Sekretariatet er av den meining at utvalet si årsmelding også inneheld mykje av det same som er omtalt i årsplan, slik at vi finn det ikkje naudsynt å leggje fram både to sakene for kommunestyret i same møte, og legg dermed ikke fram innstilling om det.

Aksdal, 01.02.22

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær

Bokn kontroll- og kvalitetsutval

Årsplan 2022

1. Innleiing

Det er kommunestyret har det øvste ansvaret for kontroll og tilsyn i Bokn kommune. Kommunelova § 23-1 pålegg kommunestyret å velje eit kontrollutval som på deira vegne skal ha ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen. Kontrollutvalet rapporterer derfor direkte til kommunestyret.

Årsplanen for 2022 gjer ei kort oversikt over korleis kontroll og tilsyn frå kontrollutvalets side fungerer. Den viser også venta aktivitet for kontroll- og kvalitetsutvalet i året som kjem.

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp det meste knytte til kommunens verksemd. Det gjeld utan hinder av teieplikt så sant det dreier som ei kontroll- og tilsynssak. Det er likevel to viktige avgrensingar:

1. kontrollutvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringar,
2. kontrollutvalet har ikkje tilsynsansvar overfor kommunestyret.

Kontrollutvalet utfører i hovudsak sitt tilsyn med administrasjonen gjennom tilgang til forvaltninga sine dokument, samtalar med administrasjonen (kommunedirektøren) og forvaltningsrevisjon /ev. andre undersøkingar som vert bestilt frå revisor.

2. Mål for kontrollutvalet i Bokn

Kontrollutvalets mål er å sjå til at kommunen følgjer lover og reglar og rettar seg etter politiske vedtak. I tillegg er kontrollutvalets mål å sjå til at verksemda er målretta, effektiv og i tråd med vedtekne etiske normer.

3. Sakshandsaminga i kontrollutvalet

Kontrollutvalet sine møte er på kommunehuset eller Bokn Arena, og er opne for alle. Innkalling og protokoll blir lagt ut på sekretariatet sine heimesider. Det skal også være link til desse på kommunens heimesider. Innkalling og protokoll blir også sendt til ordførar og kommunedirektør. Kontrollutvalet vedtar sin møteplan for kommande år kvar haust. Kontrollutvalet har fastlagt møteplan for heile året, og har for 2022 planlagt 4 møter. Møteplanen er også lagt ut på sekretariatet sine nettsider www.kontrollutvalgene.no

For å sikre at kontrollutvalet er uavhengig både av kommuneadministrasjonen og av revisor, skal kontrollutvalet i tråd med kommunelova § 23-7 ha ein eigen administrasjon/sekretariat. Dette blir ivaretatt gjennom kjøp av tenester frå Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS.

Sekretariatet har ansvar for at kontrollutvalet sine saker er forsvarleg utgreia og at utvalet sine vedtak blir sett i verk. Medlemmene vert innkalla til møte av kontrollutvalssekretariatet i samarbeid med utvalsleiar.

4. Kontrollutvalet sine oppgåver

Kontrollutvalet bør ha fokus på systemkontroll. Kontrollutvalet har ikkje høve til å fatte vedtak som endrar eit enkeltvedtak, sjølv om utvalet sine undersøkingar skulle vise at ein sak ikkje er korrekt handsama. Dette må evt. bli gjort av kommunestyret etter innstilling frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalets oppgåve er å undersøke hendingar som kan indikere svikt i den kommunale sakshandsaminga, eller at kommunen ikkje følger dei lover og retningsliner den er underlagt eller ikkje rettar seg etter vedtak i kommunestyret.

4.1 Kommunens regnskap, budsjett og internkontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapen blir revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal derfor mellom anna halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med dei føresegna som følgjer av loven og av god kommunal revisjonsskikk. Kontrollutvalet skal også følgja opp eventuelle merknader og påpeikingar frå revisor. Dette gjer kontrollutvalet i hovudsak gjennom orienteringar frå revisor kvar haust om planlagt revisjon i kommande år, samt orientering om rekneskapen om våren.

Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om kommunen sitt årsreknskap og årsmelding før formannskapet gjer si innstilling til kommunestyret. Denne uttalen skal være kjent for formannskapet før det gjer innstilling til kommunestyret om årsregnskapet.

Kontrollutvalet sitt tilsyn omfattar då:

- følgje med på kommunen si økonomistyring og budsjettdisiplin gjennom året via orientering om kommunen sine tertialrapporter,
- følgje opp revisors merknader til regnskap og internkontroll,
- tilsyn med revisor/følgje med i revisor sitt arbeid.

Dette blir gjort via revisor si rapportering i forbindelse med årsoppgjeret, skriftleg uttale om kommunens økonomiforvaltning («forenkla etterlevingskontroll») og under orientering om planlegging av kommande revisjonsår.

Kontroll- og kvalitetsutvalet vil følgje opp revisor sine merknader til årsrekneskapen for 2020. Utvalet sette ei frist og det er no i januar 2022 mottatt kommunedirektøren sin kommentarar. Desse vil bli lagd fram for utvalet i møtet 09.02.22.

4.2 Forvaltningsrevisjon 2022

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i tråd med vedtatt plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024. Kontrollutvalet vil bestille prosjekt for levering i 2022 med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon, samt tildelte budsjettmidlar:

- ***Forvaltningsrevisjonsrapport om Bokn Arena*** (tinging 09.02.22)

Kontrollutvalet vil også følgje opp kommunestyrets vedtak til handsama rapporter ca. 6 – 12 månadar etter handsaming i kommunestyret.

For 2022 er det ingen forvaltningsrevisjonsrapportar som blei tinga eller levert i 2021 og difor heller inga rapport som skal følgjast opp. Det skyldast at prosjektet om «Kvalitet i grunnskolen» blei stansa av utvalet i september 2021 med bakgrunn i at kommunen/skulen var tatt ut av Statsforvaltaren i

Rogaland til å vere med i prosjektet «Oppfølgingsordninga». Prosjektet går over 3 år. Begge prosjekta, samt bygging av ny Bokn skule ville ha ført til for stort arbeidspress på administrasjonen.

Kontroll av kommunalt heileide selskap er ein sjølvstendig del av forvaltningsrevisjonen. Tidlegare kontrollutval har bestilt selskapskontroll i følgjande selskap:

- Karmsund Havn IKS
- Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS
- HIM IKS

Det er ingen gjennomførte eigarskapskontroller (tidlegare selskapskontroller) som ikkje er følgt opp.

Kontrollutvalet vil også følge med i kommunedirektøren sitt arbeid med utarbeiding og handsaming/oppfølging av eigarstrategi.

Vidare har utvalet vedtatt følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen og kommunale selskap i 2022:

- | | |
|--------------------|----------------------|
| 1. møte (9. febr.) | Område kultur |
| 2.møte (4. mai) | Bokn Tomteselskap AS |
| 3. møte (7. sept.) | (ikkje fastsett) |
| 4. møte (11. nov.) | (ikkje fastsett) |

Rapport frå gjennomført forvaltningsrevisjon vert oversendt kommunestyret for sluttbehandling. Kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker som omhandlar forvaltningsrevisjon. Ved oppfølging av kommunestyrets vedtak til handsama rapporter vert desse vidaresendt som sak til kommunestyret når oppfølgingssak er handsama i kontrollutvalet.

4.3 Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelovens § 23 pålegg kontrollutvalet å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon for kvar valperiode. Planen skal basere seg på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemد og verksemda i kommunens selskap. Det vil også bli bedt om innspel om prosjekter frå kommuneadministrasjonen, det politiske miljøet, revisor og sekretariatet. Planen skal vere vedtatt seinast innan utgangen av året etter at valet har funnet sted. Bokn kommunestyre vedtok den endelige versjonen av Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 i sitt møte 15.12.20, sak 57/20 og sak 56/20.

4.4 Budsjett for kommunens kontrollarbeid

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide framlegg til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Budsjettet omfattar kontrollutvalet sin eigen aktivitet, kjøp av administrasjons/sekretariatstenester og kjøp av revisjonstenester.

Kontrollutvalets framlegg til budsjett for kontrollarbeidet skal utarbeidast av kontrollutvalet sjølv, og det er bare kontrollutvalet som kan gjøre endringar i utvalets framlegg forut for den politiske budsjettetthandsaminga. Kontrollutvalet opptrer på vegne av kommunestyret og er direkte underordna kommunestyret. Det er derfor viktig for kommunestyret å vere kjent med kontrollutvalets vurdering av det økonomiske behovet for kontroll- og tilsynsarbeidet. Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg skal følge formannskapet si innstilling og kan ikkje endrast av administrasjonen.

Kontrollutvalets oppgåver på området er:

- utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet komande år,
- følgje opp budsjett for inneverande år.

Budsjett for kjøp av tenester til revisjon og sekretariat vert utarbeida og vedtatt av representantskapet i Rogaland Revisjon IKS og representantskapet i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS.

4.5 Andre oppgåver for utvalet

Ut over planlagde oppgåver vil kontroll- og kvalitetsutvalet også ta opp saker som måtte dukke opp undervegs i året og som er relevante for kontrollarbeidet.

Andre faste oppgåver som kontrollutvalet har planlagt er orienteringar om de kommunale tenestene. Mål for dette er god kjennskap til kommunens administrasjon og/eller selskapa, og bidra til god kommunikasjon og dialog.

På alle møta i kontrollutvalet vert også desse faste sakene/punkta sett opp:

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av protokoll frå sist møte
- Statusoversikt om kontrollutvalssaker
- Referat-/meldingssaker
- Eventuelt

Bokn, januar 2022

Lars Øyvind Alvestad
kontrollutvalsleiar

SAKSGANG		
Utvæl	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	09.02.22	7/22
Kommunestyret	18.02.22	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø		033

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET SI ÅRSMELDING 2021

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2021 (evt. endringar/tillegg).

og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding for 2021 til orientering.

Vedlegg: Utkast til årsmelding for 2021

Saksorientering:

I følgje kommuneloven § 23-5 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2021 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2021 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme fra utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

Aksdal, 01.02.22

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar/utvalssekretær

BOKN KOMMUNE

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET

ÅRSMELDING 2021



Vardafjell, Austre Bokn

Foto: T. Hallsjø

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET
BOKN KOMMUNE

INNLEIING

Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2021.

I følgje kommunelova § 23-5 skal "***kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret***".

1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

Kontrollutvalet er eit *lovpålagt* organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen gjennom rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon og selskap som kommunen eig eller er deleigar i (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og der er ei eige forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette. Utvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret, fyrste gang i 2012 og det blei revidert i 2020 som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal no ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsmakt, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommune har eigarinteresse.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

For perioden 2019 - 2023 har kommunestyret valt følgjande medlemmer:

	<u>Faste medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer:</u>
Leiar	Lars Øyvind Alvestad (Ap))	1.Fredrik Sunde Olaussen (H)
Nestleiar	Anne Løvereide Faye (Ap)	2.Daghild Alvestad (Sp)
Medlem	Kim Erik Larsen (H)	3.Edgar Våge (H)
Medlem	Catharina Øvrebø (Sp)	4. Tom Inge Aksdal (H)
Medlem	Hans Jørgen Ognøy (Krf)	5. Ingrid Kallevik (Ap)
		6. Torstein Alvestad (Krf)

Nestleiar er utvalet sin kommunestyrerrepresentant. Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har møtt på alle møta i 2021.

Kommunedirektøren har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn. Ho har også møtt på alle dei fire møta i fjar. Kommunalsjef Alvestad, teknisk sjef Askeland og rektor Havikbotn har møtt ein gong for å orientere, om rekneskap og sitt arbeid.

Møta vert gjort kjent på sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no) og skal også ligge på kommunen sine nettsider. Utvalet har ikkje vore nøgd med kommunen sin publisering når det gjeld sakspapir og protokollar på nettsidene og politikarportalen. Dette har utvalet tatt opp i 2021.

3. AKTIVITETEN I UTVALET I 2021

Kontrollutvalet har hatt **4** (4) møte, fordelt på to møte på våren og to møte på hausten. Utvalet held sine møte på møterom Boknahåve, Bokna Arena. Utvalet sine møte er opne for alle, men dei skal eller kan bli lukka når det er heimla i lov.

Utvalet har i 2021 hatt **26** (27) saker til handsaming, der 4 (8) av sakene er vidaresendt til kommunestyret. **36** (41) saker som er blitt lagd fram til orientering. Samla oversikt over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På den digitale kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommune-revisorforbund (NKRF) i april og på Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin i juni deltok ingen frå Bokn. Leiar og sekretær deltok på kommunen sin folkevaldopplæringsdag 16. juni. På dagskonferansen i Sandnes for kontrollutval i Rogaland i desember var det ingen frå Bokn.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. I dette ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med rådmannen/administrativ leiing for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytte til kommunen sin eigenkontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvalningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at

det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal rekneskapsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 26.05.21, sak 10/21 kommunen sin årsrekneskap for 2020 til handsaming.

Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 0,9 mill. kr, som utgjer 0,8 % av driftsinntektene. Resultatet var eit langt därlegare enn året før (6,8 %), og resultatet er under teknisk berekningsutval sin tilrådde resultatmargin på 1,75%, men det skyldast bruk av disposisjonsfond til å dekkje eit tidlegare vedtak.

Kontroll- og kvalitetsutvalet merka seg at revisor har peika på manglande oppfølging av budsjett, spesielt for lønnsområdet og innanfor investeringsrekneskapen og revisors merknader til avslutning av rekneskapen.

Utvalet vedtok å få tilbakemelding om på oppfølging av revisjonsrapport, og det blei sett ei frist til 31.11.21 på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp. Kommunedirektøren sine merknader er no mottatt, men vil bli lagt fram for utvalet i februarmøtet

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksamda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Bokn kommune sin plan for 2020-2024 blei vedteken av kommunestyret i møte 15.12.20, sak 57/20.

Arbeidet med planen starta 2020 på nyåret med eit risikospel og det blei utarbeida plan med risiko – og vurderingar der utvalet kom med si innstilling til kommunestyret. I følgje vedtatt plan er prioriteringslista følgjande:

- 1. Kvalitet i grunnskolen**
- 2. Sjukefråver og IA-arbeid**
- *Sosiale tenester i NAV*
- *Pleie og omsorg*
- *Økonomistyring og budsjett*
- *informasjonstryggleik*
- *Bokn Arena*

Utvalet valte prosjekt nr 1 i februar og utkast til prosjektmandat frå Deloitte blei vedtatt i mai. Rapport skulle vere klår til hausten. I septembermøtet vedtok utvalet å stanse prosjektet.

Bakgrunnen var at utvalet blei orientert om at Utdanningsdirektoratet har ei oppfølgingsordning der kommunar som over tid har hatt svakare resultat på sentrale område i opplæringa får tilbod om statleg støtte og rettleiing over tre år. Bokn skule var her valt ut av Statsforvaltaren i Rogaland til å delta.

Utvalet støtta kommunedirektøren om at oppfølging og forvaltningsrevisjon ville vere utfordrande for skulen, og at det var ikkje naudsynt då både prosjekta hadde same mål om å forbetra/heve kvaliteten innan skulen.

2. gangs handsaming av oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjukefråver i skule og barnehage» frå 2019 blei lagt fram for utvalet i februar og kommunestyret 13.04.21, sak 14/21. Kommunestyret tok kommunedirektøren sin tilbakemelding til orientering.

Utvalet vedtok i februar ikkje delta i ein felles forvaltningsrevisjon med tema «*Haugalandspakken*» etter invitasjon frå Rogaland fylkeskommune. Utvalet fant prosjektmandatet interessant og ønskte difor å bli halden orientert. Rapporten var klår i november og handsama i fylkestinget i desember. Rapporten vil bli lagt fram for utvalet som referatsak på nyåret.

Utvalet vedtok i november ikkje delta i ein felles forvaltningsrevisjon «*Karmsund Havn IKS og eigarforholdet til kommunale hamner og kaianlegg*» etter invitasjon frå Karmøy kontroll- og kvalitetsutval.

Kontrollutvalet valde nytt prosjekt i november. Dei vedtok eit prosjekt blant dei prioriterte, då om Bokn Arena. Prosjektmandat frå Rogaland Revisjon ligg no føre og rapport vil vere klår i løpet av 2022.

4.3 EIGARSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Plan for 2020-2024 og retningslinene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 15.12.20, sak 56/20 på bakgrunn av overordna analyse. I planen er «Overordna eigarskapstyring» sett opp.

Bokn kommunestyre vedtok sin første eigarskapsmelding i 2021 for årene 2021-2024, den 13.04.21, sak 11/21. I følgje meldinga er det nokre selskap som er vurdert som særskilt viktige for Bokn kommune. Desse er: Haugaland Næringspark AS, HIM IKS, Bokn Tomteselskap AS, Haugaland brann og HBR IKS og KH IKS (rekkefølgje etter saksframlegg).

Tilsyn med selskap kan også bli gjennomført ved at utvalet får orientering frå leiinga i eit kommunale selskap. Det var ingen slike i 2021, men i 2022 har utvalet invitert selskapet Bokn Tomteselskap AS til å komme og orientere.

4.4 REVISOR OG REVISJONEN SITT ARBEID

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

Deloitte AS har vore kommunen sitt revisjonselskap fram til 30.06.21. Oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen blei takka for samarbeidet dei ni åra ho har hatt dette oppdraget. Frå 01.07.21 overtok Rogaland Revisjon IKS med revisor Tore Kristensen som oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Forvaltningsrevisor Ståle Opedal møtte for ham i november.

Samarbeidsavtalen om eigarskap i det interkommunale revisjonselskapet Rogaland Revisjon IKS blei godkjent av kommunestyret i møtet 15.06.21, sak 45/21.

Rogaland Revisjon IKS har, i tillegg til eigenerklæringar, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimsrevisjonsarbeidet og lagt fram planar og risiko- og vesentlegvurderingar og utarbeida forvaltningsrevisjonsrapport.

4.5 ETTERLEVINGSKONTROLL

Kontrollutvalet skal mellom anna «*påseat det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....*». Revisor er derfor pålagt å gje ei skriftleg uttale til kontrollutvalet seinast 30. juni. Dette blir kalla «forenkla etterlevingskontroll».

Oppfølging av merknader til etterlevingskontrollen for 2019 ble lagd fram for utvalet i februarmøtet. I følgje rådmannen hadde ho tru på at dei for rekneskap 2020 ville kome i mål med rekneskapen innan lovbestemt frist og at anleggsregisteret skulle bli ferdig. Utvalet var nøgd med at det no vert jobba systematisk med oppfølging av tidlegare merknader fra revisor.

Deloitte kom med sin uttale for rekneskapen 2020 den 14.05.21. Revisor konkluderte med:

«Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på forhold som gir oss grunn til å tro at Bokn kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i regelverket.»

Det vises dog til at det i vårt nummererte brev 10/21, på enkelte områder er anbefalt en styrking av internkontrollen.

Utvalet vedtok å be om skriftleg tilbakemelding frå kommunedirektøren innan 01.11.21 om oppfølginga av revisor sitt brev. Sak vil bli lagt fram for utvalet i fyrste møtet på nyåret.

4.6 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga kan også skje ved at utvalet får orientering frå kommunedirektøren om spørsmål og saker som utvalet har tatt opp.

Utvalet har i 2021 fått generell orientering om teknisk sjef sitt arbeids- og ansvarsområde i septembermøtet og rektor ved Bokn skule i novembermøtet.

Utvalet bad i februarmøtet om at kommunedirektøren orientere til neste møte om prosessen rundt skuleutbygginga.

Utvalet er i 2021 ikke blitt kontakta av innbyggjarar. Utvalet er då heller ikkje klageorgan for enkeltvedtak og skal heller ikke overprøve politiske vedtak, men slike innspeil kan vere teikn på systemsvikt.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP – KONTOLLARBEIDET I KOMMUNEN

	REGNSKAP 2020	VEDTATT BUDSJETT 2021	REGNSKAP 2021
Godtgjersle, kurs, m.m.	42.862	67.000	12 628
Revisjonstenester	199.605	277.000	246 423
Sekretariatstenester	119.000	124 000	123.200
Sum utgifter eks. mva	361.467	468 000	382 251

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for 2022 var på kr 662.000, med kr 68.000 til utvalet, kr 466.000 til revisjon og kr 128.000 til sekretariatstenester.

4.7 SEKRETARIATET FOR KONTOLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei etablert i 2004 og vore i drift i 17 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og med andre sekretariat, spesielt med Rogaland og Vestland.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpende.

Frå Bokn kommune er Kristoffer Joakim Are valt inn i representantskapet for IKSet med Lillian Grønnestad som varamedlem. Are deltok på representantskapsmøtet 26.04.21, som blei igjen halde digitalt som følgje av koronapandemien.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2021 har vore som planlagt, på tross av koronapandemien. Alle møta har vore fysiske, medan konferansane på våren blei halden digitale.

Eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Kvalitet i skulen» var bestilt, men utvalet valde å stanse det med bakgrunn i kommunens deltaking i «Oppfølgingsordninga» i regi av Utdanningsdirektorat og statsforvaltar.

Oppfølging av tidlegare rapport om sjukefråver blei handsama i utvalet og kommunestyret. Utvalet handsama tilbakemelding om revisors merknader til årsrekneskapen for 2019 og bad om ny tilbakemelding om årsrekneskap for 2020.

Rogaland Revisjon IKS blei kommunen sin revisor frå 01.07.21.

Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt er gjort innan temaet «Bokn Arena». Administrasjonen har gjort greie for saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Bokn, 09.02.22

Anne Løvereide Faye (sign.)
leiar

VEDLEGG**OVERSYN OVER SAKER – BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL 2021****Saker til handsaming:**

- 1/21 Godkjenning av protokoll frå møtet 20.11.19
- 2/21 Plan for orienteringar i 2021-22
- 3/21 Oppfølging av forvaltn.revisjonsrapport «Sjukefråver» -2. gangs handsaming
- 4/21 Oppfølging av etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2019
